



## Planutvalet, møte 4.november 2015

**Dato**

LEIKANGER, 27.10.2015

## Regional Planstrategi 2016-2020 - Arbeidsdokument 2/15 - Mål og målbilete

### Kva vert omhandla i arbeidsdokument 2/15

1. Konklusjonane frå Arbeidsdokument 1/15
2. Kort om kva regional planstrategi er og kvifor
3. Målbilete - kva er det og kvifor lagar vi det
4. Rammevilkår og føresetnader - fylkeskommunal økonomi og tenestetilbod
5. Overordna utfordringar
6. Overordna mål for fylket 2016 – 2020
7. Kva kjenneteiknar fylket i 2020
8. Avslutning

### 1 KONKLUSJONAR FRÅ ARBEIDSDOKUMENT 1/15

#### Føremålet med planarbeidet

Planutvalet sluttar seg til at regional planstrategi blir eit dokument som gir retning for plan- og utviklingsarbeidet i fylket, og konkretiserer konkrete rammer for planarbeidet i valperioden.

#### Organisering av planarbeidet

Planutvalet tek ovannemnde informasjon til vitande.

#### Status for planarbeidet

Planutvalet tek ovannemnde statusinformasjon til vitande.

#### Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Planutvalet tek dei nasjonale forventningane til regional planlegging til vitande, og sluttar seg til at dei ulike tema og problemstillingane vert med i vurderingar av behov og val av plantema i planperioden.

Planutvalet ber om det også vert lagt vekt på fylkeskommunen sitt ansvar for innkjøp av/bruk av miljøvenlege produkt og mogelegheita for å støtte innovasjon ved kjøp av miljøvenleg teknologi.

#### Drøfting av målbilete

Planutvalet meiner det er behov for å konkretisere og tydeleggjere både kvalitetar og utfordringar i fylket. Gjennom brei involvering utviklar vi eit samla målbilete

#### Drøfting av utfordringar

Planutvalet sluttar seg til at tema i dokumentet vert lagt til grunn for det vidare arbeid med regional planstrategi.



## Framdriftsplan

Planutvalet sluttar seg til framdriftsplanen med følgjande milepelar:

- 17.08.15 – PU – Arbeidsdokument 1
- 04.11.15 – PU – Arbeidsdokument 2
- Januar/februar 2016 – FU – Utlegging av planstrategi på høyring
- April 2016 – FT – Vedtak av regional planstrategi

## 2 KORT OM KVA REGIONAL PLANSTRATEGI ER OG KVIFOR

Planstrategien skal svare til lovkrava om å konkretisere kva for plantype og kva strategiar fylket skal prioritere å jobbe med i 4-årsperioden.

Plan- og bygningslova § 7-1, 1. og 2. lekk:

*«Regional planmyndighet skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide en regional planstrategi i samarbeid med kommuner, statlige organer, organisasjoner og institusjoner som blir berørt av planarbeidet. Planstrategien skal redegjøre for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringer, vurdere langsiktige utviklingsmuligheter og ta stilling til hvilke spørsmål som skal tas opp gjennom videre regional planlegging»*

Planstrategien skal dekke eit regionalt behov for å gjere nokre vegval som kan føre fylket i ynskt retning. Dette er ikkje ein regional plan med konkrete tiltak og mål. Strategien skal likevel vere så tydeleg at han gjev retning for bruk av verkemiddel og kva grep som er naudsynt, ut frå dei utfordringane fylket har.

Kva er ein regional planstrategi (RPS)?

1. RPS er ein strategi for planlegging
2. RPS skal fremje heilskapleg regional utvikling og gjere planlegginga meir forpliktande og målretta
3. RPS er ein arena for dialog og samhandling
4. RPS skal evaluere gjeldande regionale planar for å følgje opp arbeidet på strategisk viktige område
5. RPS skal fastsette kva regionale planar og/eller interkommunalt plansamarbeid som skal gjennomførast i planperioden
6. RPS skal vurdere korleis fylket kan følgje opp nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

## 3 MÅLBILETE - KVA ER DET OG KVIFOR LAGAR VI DET

Korleis ynskjer vi fylket skal vere i framtida? Kva mål skal vi ha? Eit målbilete er ei samla omtale av kva for effektar og meirverdiar vi meiner skal vere eit resultat av dei samla verkemidla i fylket og dei overordna måla. Dei kan vere retta mot ulike målgrupper og aktørar, men hovudaktørane er innbyggjarane, offentlege institusjonar, inkl. kommunane/fylkeskommunen, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet. Fylket skal gje ein strategisk retning for utviklinga.

Effektar og meirverdiar kan være konkretiseringar av viktige verdiar og kvalitetar, men det kan også vere talfesta effektar. Effektane skal vi søke å påverke positivt gjennom aktivitetar/tiltak for å nå dei overordna måla.

Meirverdiane kan vere vanskelege å måle og samanhengen mellom tiltak og meirverdi kan vere uklår, t.d. er trivsel ein ynskt meirverdi frå eit overordna mål om at «alle kommunar skal ha ein strategi for integrering». Vi kan elles også seie at effektane er dei samla resultata av ulike drivkrefter i og utanfor fylket. Konkret kan det også vere at vi ut frå overordna mål om å skape 500 arbeidsplassar årleg, kan måle effekten ved at det vert ein netto auke i arbeidsplassar på 100 kvart år og at vi dermed får folketalsauke. Ulike overordna mål kan også virke saman og forsterke meirverdiar og effektar. Dette vil t.d. gje seg utslag i at vi kan måle effektane av å jobbe godt mot nokre felles mål om ynskt folketalsauke.

Det er viktig at målbiletet fangar viktige deler av heilskapen, meir enn å sementere sektorar og fagområde.

## **4 RAMMEVILKÅR OG FØRESETNADER – FYLKESKOMMUNAL ØKONOMI OG TENESTETILBOD**

I tillegg til at planstrategien er eit styringsdokument for utviklingsretning i fylket, må den også legge til grunn den økonomiske situasjonen til fylkeskommunen. Grunna endringar i inntektsystemet vert budsjetttrammene gradvis reduserte neste 4 års perioden. Dette vil i praksis gje eit redusert tenestetilbod i høve dagens tilbod, over tid. Tenestene innan samferdsle, kultur og opplæring er særskilt viktige verkemiddel for å kunne nå dei overordna måla til fylket. Samtidig må fylket satse på utvikling og endring for å nå dei overordna måla og for at måla skal få dei effektane og meirverdiane vi ynskjer, jamfør kap. 7. Planstrategien skal difor være så tydeleg at den gjev retning for bruk av eigne ressursar i utviklingsarbeidet.

## **5 OVERORDNA UTFORDRINGAR**

Ut frå innspel, førebels analyser og gjeldande planar i arbeidsgruppa kan vi summere utfordringane for fylket i framtida slik:

- Globalisering – urbanisering, av både kapital og menneskjer
- Frå industrisamfunnet til kunnskapssamfunnet
- Folketalsutviklinga, migrasjon og kvinnene si rolle i samfunnsutviklinga
- Klimautfordringane.

Her vert det gitt ei kort omtale av sentrale problemstillingar knytt til dei ulike utfordringane.

Nærare omtale og vurderingar vil bli gjort i eit samla analyse- og utfordringsdokument som er under utarbeiding og skal ligge føre i løpet av desember 2015.

### Globalisering – urbanisering, av både kapital og menneskjer

Det vert sagt at vi lever i ei «globalisert» verd. Med dette meiner vi at vi må sjå Norge som ein del av verda, og at verda der ute påverkar oss på mange livsområde. Tydelege trendar i utviklinga er at vi ser ei urbanisering av menneske og ei sentralisering av kapital. Både internasjonalt og nasjonalt flyttar folk til byar og vi bur meir tettbygd. Folk vil vere der det er andre folk, og kapitalen følgjer menneska og arbeidsplassane.

Dei store globale utfordringane er knytt til:

- Å takle folkeflytting og folkevekst
- Tilgang til rent vatrøn
- Tilgang til nok mat
- Meir kapital på færre hender
- Auka sosiale skilnader
- Urbanisering – inklusiv konsentrasjon av kunnskapsmiljø og kapital
- Energitilgang. Overgang frå fossil til fornybar energi
- Miljø- og klimautfordringar.

Korleis påverkar dette Sogn og Fjordane? Kan vi nytte dette positivt til beste for fylket og menneska som bur her? Kva for strategiar og krefter må vi sette i sving for å møte konsekvensane dette gjev oss?

### Frå industrisamfunnet til kunnskapssamfunnet

Sogn og Fjordane har monaleg fleire sysselsette innan primærnæringane og i industrien enn landsgjennomsnittet. Vi har i stor grad eit naturressursbasert næringsliv. Utfordringa er ikkje berre tal arbeidsplassar, men også attraktive desse er og vil være i framtida. Vi har ikkje klart å ta vår del av den kunnskapsbaserte tenesteproduksjonen vi ser i resten av landet. Kunnskap skaper verdiar. Kunnskap er den viktigaste drivaren for større verdiskaping, auka sysselsetting og styrka folketalsvekst i Sogn og Fjordane.

Korleis kan vi være ein del av utviklinga i eit kunnskapssamfunn? Kva for lokale fortrinn og lokale ressursar kan vi nytte og utvikle i eit slikt perspektiv? Utnytting av naturressursane krev også

ei kompetent forvaltning som sameinar miljøomsyn og å «setje naturen i arbeid». Korleis kan næringslivet rette seg mot verda, både i høve marknad, kapital og kompetanse?

#### Folketalsutviklinga, migrasjon og kvinnene si rolle i samfunnsutviklinga

Det skjer store endringar i folkesetnaden i fylket. I følgje framskrivingane til Statistisk sentralbyrå vil heile veksten i folketalet dei neste 20 – 30 åra kome i aldersgruppa over 70 år. Vi vil samtidig få redusert folketal i gruppa 25 – 35 år og vi vil ha eit underskot av kvinner i heile perioden. Samstundes vil vi ha ei relativt stor innvandring frå utlandet. Dette gjeld både innvandring frå vestlege kulturar og frå andre kontinent. Dette gjev utfordringar innan integreringsarbeidet generelt, men også for skule og utdanningsinstitusjonane og i høve kulturskilnader, arbeidsliv, velferdsordningar og bustadbehov.

Korleis vil den endra folkesetnaden påverke kommunane og fylket? Kva for utfordringar gjev dette oss? Korleis kan vi utnytte dette positivt, og kva for strategiar bør vi ha for å møte negative konsekvensar av endringane?

#### Klimautfordringane

Globalt opplever mange klimaendringar som gjer at bustader og samfunn vert trua, økologien på land og hav endrast, næringsgrunnlaget på land og i havet svekkast, is og tundra tinar m.m. I Norge opplever vi oftare situasjonar med meir intenst vær og dermed større risiko for m. a. skred og flaum. Havtemperaturen stig og CO<sub>2</sub> innhaldet i havet aukar. Vi erfarer nok i mindre grad enn andre land dei negative verknadane, men fylket har utfordringar knytt til areal-, transport- og bustadplanlegging spesielt. Både beredskap ved flaum og skred og førebyggande tiltak er viktige. Noko som vil kome er utfordringane for dei marine næringane ved auka havnivå, auka havtemperatur og auka CO<sub>2</sub>-innhald. Desse næringane er satsingsområde for fylket og landet. Men også økologien på land vert sterkt påverka over tid og t.d. landbruksproduksjonen kan få nye utfordringar som konsekvens av klimaendringane.

Korleis kan vi endre areal- og transportplanlegginga, både for å hindre risiko, men også for å redusere klimagassutslepp og gjere klimatilpassingar? Korleis kan fylket nytte tilgjengeleg kunnskap til å utvikle fylket både m.o.t. klimavenleg og klimatilpassa næringsutvikling i havet og på land? Kva strategiar treng vi for «det grøne skiftet»?

## **6 OVERORDNA MÅL FOR FYLKET I PERIODEN 2016-2020**

Som grunnlag for det vidare arbeidet med regional planstrategi for 2016 - 2020, er det gjort ei førebels konkretisering av aktuelle overordna mål. Måla skal være så konkrete at dei gjev retning, utan at dei er så konkrete at dei vert avgrensande på moglege tiltak. Utkastet er basert på ei gjennomgang av gjeldande planstrategi, gjeldande mål i regionale planar, arbeidsdokumentet som er drøfta i finans- og planutvalet og på innspel frå eksterne aktørar.

Sju overordna mål i prioritert rekkefølge:

1. Skape 500 nye arbeidsplassar kvart år, der det vert satsa på å nytte lokale ressursar, vere pådrivar i det grøne skiftet, skape mangfold i arbeidsplassar og samspel mellom kunnskapsmiljø, offentleg sektor og næringsliv.
2. Etablere eit forpliktande samarbeid mellom regionale og lokale aktørar for å utvikle sentra i dei største kommunane, med tiltak knytt til møteplassar, trivsel, kollektiv-, gang- og sykkellösingar og gode arbeidsplassar basert på eit næringsliv i vekst.
3. Tilby utdanningar med kvalitet over landssnittet, både ut frå samfunnet sitt behov og med fråfall i vidaregåande skule som går ned.
4. Basere oss på at kommunane har gode strategiar for å inkludere innvandrarar/tilflyttarar
5. La folkehelse vere ein grunnleggande del i samfunnsplanlegginga slik at levekåra i fylket vert endå betre.
6. Ta del i bygging av verdikjeder som gjev null utslepp, innan bygg og ferje/båttransport og innkjøp
7. Følgje opp klimautfordringane gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringane med mål i klimaplanen som er strengare enn dei nasjonale.

## Tilråding

Planutvalet sluttar seg til framlegg til overordna mål for fylket for perioden 2016 – 2020.

Planutvalet legg til grunn at måla skal være førande for det vidare arbeidet med å forme ut ein regional planstrategi og prioritering av planoppgåver i perioden.

## **7 KVA KJENNETEIKNAR SOGN OG FJORDANE I 2020? EFFEKATAR OG MEIRVERDIAR AV Å OPPNÅ DEI OVERORDNA MÅLA**


1. Folketalet i fylket har auka med 0,5-1 % i året.
2. Fylket har ei årleg netto auke i arbeidsplassar på over 100.
3. Sogn og Fjordane har store natur- og kulturverdiar og vi nyttar desse som drivkraft i samfunnsutviklinga.
4. Sogn og Fjordane er eit føregangsfylke i det grøne skiftet og har tatt ein posisjon i å utnytte dei lokale og regionale verkemidla til å bygge verdikjeder for eit samfunn utan utslepp.
5. Fylket er eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av alle typar fornybar energi, samstundes som vi har redusert tap av naturmangfald, friluftsområde, kulturminne og landskapsverdiar.
6. Fylket har etablert heilskap i planarbeidet gjennom mobilisering og forplikting
7. Fylket har attraktive og sterke kommune- og regionsentra
8. Fylket leverer tenester av ein kvalitet og har eit omdøme som gjer at innbyggjarane i Sogn og Fjordane opplever det som eit attraktivt og godt fylke å bu og leve i, arbeide i og besøke.
9. Fylket har jamna ut sosial ulikskap og har innbyggjarar med høg trivsel og opplevd meistring, frå vogge til grav.
10. Fylket tilbyr kulturaktivitet og -opplevelingar som gjev eit rikare liv og bygger identiteten vår.

## Tilråding

Planutvalet sluttar seg til konkretiseringa av dei langsiktige effektane og meirverdiane, og at desse gjev gode føringar for det vidare arbeidet med ein spissa planstrategi for komande planperiode.

## **8 AVSLUTNING**

Gjennom arbeidet med målbilete skal planstrategien utvikle seg til å bli eit sentralt styrings-dokument for fylkeskommunen og andre regionale og lokale aktørar. For fylkeskommunen vil planstrategien bli innarbeidd som ein del av «4-års hjulet» i den integrerte fylkesplanlegginga, på line med økonomiplanen. For å illustrere dette viser vi til figuren nedanfor, som er ein vanleg figur kommunane nyttar i sitt plan – og utviklingsarbeid.



Tore Eriksen  
fylkesrådmann

Annlaug Helene Kjelstad  
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Framdriftsplan med milepælar

⋮⋮⋮ Sett inn innstillingen under denne linja ↓

⋮⋮⋮ Sett inn innstillingen over denne linja ↑